

EWOS INNOVATION AS AVD DIRDAL  
4335 Dirdal

Dykkar ref:  
Vår ref: 2015/226540  
Dato: 05.11.2015  
Org.nr: 985399077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler



Mattilsynet

## EWOS INNOVATION AS - LOKALITET 26295 LANGØY - GODKJENNING AV SAMLOKALISERING

Mattilsynet viser til søknad frå EWOS Innovation AS om samlokalisering av forskingsløyve på lokalitet Langøy. Søknaden vart oversendt av Hordaland Fylkeskommune, Regionalavdelinga, og motteke her den 27.10.2015.

### Saka gjeld

- Lokalitet Langøy

### Vedtak om godkjenning

**Mattilsynet avdeling Bergen og omland gjev EWOS Innovation AS godkjenning til å samlokalisere sitt forskningsløyve H O 0005 (780 tonn MTB) med Eide Fjordbruk AS/ Fyllingsnes Fisk A/S på lokalitet 26295 Langøy.**

### Godkjenning vert gjeve på følgjande vilkår:

- *Ved samlokalisering gjeld dei driftsvilkåra som er gjeve til Eide Fjordbruk AS/Fyllingsnes Fisk A/S for lokalitet Langøy.*
- *Eide Fjordbruk AS/Fyllingsnes Fisk A/S sitt internkontrollsystem og beredskapsplanar vil vera gjeldande for all fisk på lokaliteten. Der desse planane ikkje dekkjer EWOS Innovation AS sin forskningsaktivitet, skal planar utarbeidast.*
- *EWOS Innovation AS skal, før fisk vert nytta i forsøk på lokaliteten, sjå til at Eide Fjordbruk AS/ Fyllingsnes Fisk A/S har på plass eit internkontrollsystem som særskild sikrar at fiskevelferd hjå fisk som inngår i forsøk vert ivareteke på ein forsvarleg måte.*
- *Det skal ikkje gjennomførast forsøk som kan innebere risiko for smitte mellom fisk i forsøk og kommersiell matfisk.*

*Elles gjeld dei vilkåra som følgjer av EWOS Innovation AS sitt akvakulturløyve til forsøks- og forskingsformål H O 0005.*

**Dette løyvet er ikkje gyldig før Hordaland Fylkeskommune har gjeve sitt løyve etter Akvakulturlova.**

Vedtaket er fatta med heimel i forskrift om utvidelse av akvakulturanlegg mv § 5 Krav om godkjenning og § 7 forhold som vurderes ved godkjenning.

Vi har observert:

EWOS Innovation AS (heretter EWOS) søker om å knyte ein godkjend FoU-konsesjon på 780 tonn MTB til lokalitet 26295 Langøy i Lindås kommune. Denne lokaliteten vert drive av Eide Fjordbruk AS/Fyllingsnes Fisk A/S (heretter Eide/Fyllingsnes). Det er ikkje søkt om ei auke i biomasse på lokaliteten, og både produksjon og fôrforbruk vil vera uendra.

Forskningsaktiviteten på lokalitet Langøy vil i følgje EWOS bestå av fôrforsøk, og vil verta drifta som ein del av eksisterande lokalitet. Verksemda skriv følgjande i søknaden sin:

*"Forskningsprosjektet vil vera ei vidareføring av det som allereie er godkjend for konsesjonen, dvs. metodeutvikling og vekstforsøk for eigne fôrprodukt. Langtidsplanane for prosjekt kjem til å liggja innafor dette området, med variantar som er praktisk gjennomførbare i storskala merdanlegg, utan noko auka risiko for miljø og matvaresikkerheit, utover det som er vanleg ved kommersielt oppdrett. Langtids detaljplanar er derimot ikkje lagt, og dersom det er mogleg ynskjer me å halda dette ope fram mot oppstart av kvart forsøk. På den måten kan me vera fleksible til å gjera dei forsøka som er mest målretta til ei kvar tid. Når det gjeld det fyrste forsøket på Langøy er planen todelt:*

- 1. Dokumentering av oppnådd produksjonsresultat på Langøy, samanlikna med tidlegare generasjonar, men no ved bruk av eit heilt nyutvikla fôrkonsept*
- 2. Dokumentasjon av oppnådd produksjonsresultat ved bruk av to ulike stopp-kriterier for kva tid fisken er mett.*

*Begge metodane ligg innafor dei variasjonane som finst for vanleg appetittføring av laks. Målet er å finna ny kunnskap om kva som er optimal appetittføring av laks. Frå dokumenterte småskalaforsøk veit ein at fôret har eit større biologisk potensiale i seg enn det som ein til no har vore i stand til å henta ut i praktisk oppdrett."*

Vedlagt søknaden er samtykkeerklæring frå Eide/Fyllingsnes.

Mattilsynet vurderer dette slik:

Mattilsynet har vurdert at samlokaliseringa ikkje vil påverke eksisterande føresetnader som er tilknytt lokalitetens miljø- og berekraft. Dette fordi søknaden ikkje omfattar endring i biomassetak eller areal.

Fisk som inngår i forsøk skal stå i eigne produksjonseiningar (merdar) åtskild frå kommersiell matfisk. Meininga med omsøkte samlokalisering opplysast å vera gjennomføring av fôringsforsøk i kommersiell skala, og så lenge dei samlokaliseringane har eit felles driftsopplegg, og det kjem tydeleg fram kven som eig og har ansvar for den enkelte merd på lokaliteten, vil ikkje samlokaliseringa medføra auka smitterisiko sett i høve til eksisterande drift på lokaliteten.

Krav om internkontroll går fram av IK-akvakulturforskrifta § 5. Her framgår også at den ansvarlege for verksemda skal sjå til at det vert innført og utøvd internkontroll. Eide/Fyllingsnes har driftsansvaret på lokaliteten, og pliktar difor å tilpasse sin internkontroll og sine rutinar slik at nødvendige driftsrelaterte omsyn til fisk som inngår i forsøk vert ivareteke. I forkant av at forsøk vert gjennomført, skal det inngåast ein eigen avtale mellom partane. I denne skal det kome fram gjennomføring og

særskilt tilrettelegging frå Eide/Fyllingsnes si side med omsyn til drift og røkting av forsøksfisk. Mattilsynet presiserar at det er svært viktig at dette avtaleverket beskriv spesielt omsyn som vedkjem fiskevelferd. Eide/Fyllingsnes må vidare ha på plass rutinar for opplæring av tilsette dersom forsøksaktiviteten inneber særskild oppfølging/ending i driftsrutinar.

Mattilsynet presiserar at det er svært viktig at den daglige drifta, blant anna luseteljing og behandling, er samordna slik at det ikkje oppstår forseinking som følgje av at aktørane planlegg og bestiller utstyr og medikament kvar for seg. Dette gjeld også dersom ein beredskapssituasjon skulle oppstå. Eide/Fyllingsnes sine beredskapsplanar skal omfatte all fisk som står på lokaliteten. Mattilsynet forventar også at fiskehelsetenesta vert gjort kjend med dei forsøka som vert gjennomført, og at dyrehelsepersonell følgjer opp forsøksfisk særskild.


Verksemdene må kvar for seg sende inn søknad om driftsplangodkjenning for eigen biomasse. Tilsvarande må den enkelte verksemda sjå til at rettmessig rapportering i tråd med akvakulturdriftsforskrifta § 44 og luseforskrifta § 10.

Mattilsynet vil i denne samanheng nemne at det er krav i akvakulturdriftsforskrifta § 20 om at alle metodar, tekniske innretningar og utstyr som vert teke i bruk i eit akvakulturanlegg skal vera egna ut frå omsynet til fiskevelferd. Nye metodar og tekniske løysingar skal vera utprøvd og dokumentert dyrevelferdsmessig forsvarleg før dei vert teke i bruk. Dersom det skal gjennomførast forsøk på lokalitet Langøy som inneber bruk av nye metodar, nye tekniske innretningar eller nytt utstyr som ikkje oppfyller dette, må det føreliggje ein dispensasjon frå akvakulturdriftsforskrifta § 20 frå Mattilsynet.

Mattilsynet vil vurdere å trekkje godkjenninga tilbake dersom de ikkje overheld vesentlege forhold i vilkåra for godkjenninga, eller dersom de ikkje oppfyller vesentlege krav i regelverket. De plikter å halde Mattilsynet orientert om kven som er ansvarleg for verksemda.

**Sjå vedlegg til tilsynsrapport.**

Med helsing



Odd Tøsdal  
seksjonssjef

Kopi til:

FYLLINGSNES FISK A/S, 5913 EIKANGERVÅG  
HORDALAND FYLKESKOMMUNE REGIONALAVDELINGA, Postboks 7900, 5020 BERGEN  
EIDE FJORDBRUK AS AVD VARALDSØY, 5636 VARALDSØY  
FISKERIDIREKTORATET REGION VEST, Postboks 185 Sentrum, 5804 BERGEN

Vedlegg:  
Vedlegg til tilsynsrapport  
Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

## VEDLEGG TIL TILSYNSRAPPORT

### Heimel for tilsyn

Mattilsynet har i samsvar med matlova § 23 og dyrevelferdslova § 30 heimel til å føre tilsyn og gjere nødvendige vedtak for gjennomføring av det som er bestemt av lova.

### Klagerett

Det er klagerett på enkeltvedtak. Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått informasjon om vedtaket, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De finn meir informasjon om klageretten i vedlegget Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak.

### Verksemda er vurdert etter følgjande regelverk:

- FOR 2008-06-17 nr 823: Forskrift 17. jun. 2008 nr. 823 om etablering og utvidelse av akvakulturanlegg, zoobutikker m.m (forskrift om utvidelse av akvakulturanlegg mv )
- Lov 19. des. 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv (matloven )
- FOR 2008-06-17 nr 822: Forskrift 17. jun. 2008 nr. 822 om drift av akvakulturanlegg (akvakulturdriftsforskriften )
- Lov 19. jun. 2009 nr. 97 om dyrevelferd (dyrevelferdsloven )

<b>Avsender</b>	<b>Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova (fvl) § 27)</b>	
Mattilsynet Avdeling Bergen og omland Felles postmottak, Postboks 383 2381 Brumunddal		
<b>Mottakar (namn og adresse)</b>	<b>Dato</b>	<b>Klageinstans</b>
EWOS INNOVATION AS AVD DIRDAL 4335 Dirdal	05.11.2015	Mattilsynet, hovudkontoret

Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De ønskjer å klage over vedtak De har fått melding om.

<b>Klagerett</b>	De har rett til å klage over vedtaket.
<b>Kven kan De klage til</b>	Klaga skal først sendast til avsendaren av denne meldinga. Dersom dette organet ikkje endrar vedtaket som følge av klaga, vil ho bli sendt vidare til klageinstansen for avgjerd.
<b>Frista for å klage</b>	Klagefrista er 3 veker fra den dagen dette brevet vart motteke. Det er nok at klaga er postlagt innan fristen løp ut. Dersom De klagar så seint at det kan være uklårt for oss om De har klaga i rett tid, burde De gje opp datoen når denne meldinga vart motteke. Dersom klaga vert sendt for seint, kan ein sjå bort fra ho. Om De har særskilt grunn til det, kan De likevel søkje om å få forlenga klagefrista. De bør da i tilfelle nemne grunnen til forseinkinga.
<b>Rett til å krevje grunngjeving</b>	Dersom De ikkje allerede har fått grunngjeving for vedtaket, kan De sette fram krav om å få det. Slikt krav må setjast fram i løpet av klagefristen. Klagefristen vert i så fall broten av, og ei ny frist tek til å løpe fra det tidspunktet De mottek grunngjevinga.
<b>Innhaldet i ei klage</b>	Klagen skal nemne vedtaket som det blir klaga på, og den eller de endringane som er ønska. De bør også nemne grunngjevinga Dykkar for å klage og eventuelle andre opplysningar som kan ha innverknad på vurderinga av klaga. Klaga må være underteikna.
<b>Utsetjing av vedtaket</b>	Sjølv om De har rett til å klage, kan vedtaket vanlegvis bli gjennomført straks. Men De har rett til å søkje om å få utsatt iverksettinga av vedtaket inntil klagefrista er ute eller klagen er avgjort.
<b>Rett til å se dokumentene i saka og til å krevje rettleiing</b>	Med visse avgrensingar har De rett til å se dokumenta i saka, jf fvl §§ 18 og 19. De må i slike høve vende Dykk til det forvaltningsorganet som har sendt denne meldinga. Der kan De også få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten ved klage og om reglene for sakshandsaminga ellers.
<b>Kostnader ved klagesaken</b>	De kan søkje om å få dekka utgifter til naudsynt advokathjelp etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det normalt visse inntekts- og formuesgrenser. Fylkesmannens kontor eller advokaten kan gje nærmare rettleiing. Det er og særskilt høve til å krevje dekning for vesentlige kostnader i samband med klagesaka, til dømes til advokathjelp. Dersom vedtaket er blitt endra til gunst for klagaren, er det etter fvl § 36 og høve til å søkje dekning for vesentlige kostnader i samband med saka. Klageinstansen vil om nausynt orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning for sakskostnadar.
<b>Klage til Sivilombudsmannen</b>	Det er og høve til å klage til Stortingets ombudsmann for forvaltninga (Sivilombudsmannen).